



Sogn og Fjordane Teater

Postboks 324

Angedalsvegen 5

6802 Førde

Førde 11.01.2019 Jnr: 2/2019 mgs

Til

Sogn og Fjordane Fylkeskommune

Førde Kommune

SØKNAD OM STØTTE TIL FORPROSJEKT «NYNORSKHUSET»

Teateret arbeider no etter positive vedtak frå eigarane for å etablere eit Nynorskhus i Førde saman med NRK Sogn og Fjordane og Avishuset Firda.

I samband med førebuande arbeid i 2018 har vi hatt direkte kostander på vel kr 100 000 (honorar til Kulturteknikk AS for arbeid med arealplan, refusjon tapt arbeidsforteneste, reise/overnatting). Vi har registrert om lag 300 arbeidstimar til møter/reiser/m.m. fordelt på styreleiar, teatersjef og direktør. Dette er kostnader teateret har dekkja innan eigne rammer.

For det vidare arbeidet i 2019 er det etablert ein prosjektorganisasjon som tek ansvar for gjennomføring av rom- og funksjonsprogram, forstudie, tilbodsførespurnad og gjennomføring/evaluering av sjølve konkurransen. For å sikre framdrift i prosjektet er det tilsett ein prosjektleiar og ein arkitekt som skal vere eit samordnande ledd mellom leigetakarane i bygget.


Partane (Firda, NRK, Sogn og Fjordane teater) må dekkje kostnadane med det arbeidet som er planlagt for 2019. Det er laga eit førebels budsjett på NOK 400 000 (prosjektleiing NOK 250 000, arkitektfagleg kompetanse NOK 150 000). Kostnadane er tenkt dekt etter forventa leigebehov. For oss, på grunn av våre særskilde behov, reknar vi med å stå for inntil 2/3 delar av budsjettet; dvs omlag NOK 270 000. I tillegg kjem kostnadar for eige personale, reise, overnatting og møtekostnader. Vi har så langt ikkje rekna på dei samla kostnadane for dette, men ser føre oss om lag same omfang som i 2018.

Vi viser til tidlegare drøftingar, og søker med dette om at eigarane; Førde kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune støttar oss med ei ekstraløyving for å dekkje dei ekstra kostnadane prosessen i 2019 medfører. Vi legg til grunn den ordinære %-fordelinga mellom kommunen og fylkeskommunen, og søker om slikt tilskot:

Sogn og Fjordane fylkeskommune	kr 190 000
Førde kommune	kr 80 000
Sum	kr 270 000

Grunnen til at vi søker om dette ekstratilskotet, er at vi ønsker å reservere det ordinære driftstilskotet til den kunstneriske aktiviteten; produksjon og turnering som kjem innbyggjarane i fylket til gode.

Beste helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Rasmus Mo', with a stylized flourish at the end.

Rasmus Mo

Styreleiar

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Bodil Kvamme', written in a cursive style.

Bodil Kvamme

Teatersjef